

NORSK TJENESTEMANNSLAG

Universitetet i Bergen
Norges Handelshøyskole

ÅRSBERETNING 2021



Innhold

STYRETS SAMMENSETTING 2021	3
Styrearbeidet i perioden	4
Aktiviteter for medlemmar	4
Medlemsinformasjon	4
Arbeidet på kontoret.....	4
Høyringsutsegn.....	4
Lokale lønnsforhandlinger etter Hovedtariffavtalen 2.5.1.....	7
Lokale lønnsforhandlinger etter Hovedtariffavtalen 2.5.3.....	7
Tilsettingsråd	8
Tilsettingsrådet for administrative stillinger	8
Tilsettingsrådet for tekniske stillinger	8
Arbeidsmiljøutvalget (AMU).....	8
Inkluderende arbeidsliv (IA)	9
AKAN.....	9
Velferdsutvalget	10
Informasjons- og drøftingsutvalgene (IDU).....	10
Det humanistiske fakultet	10
Det juridiske fakultet	10
Det matematisk- naturvitenskapelige fakultet	10
Det medisinske fakultet.....	11
Det psykologiske fakultet	11
Det samfunnsvitenskapelige fakultet.....	12
Fakultet for kunst, musikk og design.....	12
Sentraladministrasjonen	12
Universitetsbiblioteket	12
Universitetsmuseet i Bergen	12
Tillitsvalgte oppnevnt etter årsmøtet og representanter i ulike utvalg.....	13
Omstillinger	14
Utsendinger til møter og konferanser	15
Medlems- og gruppemøter	15

STYRETS SAMMENSETTING 2021

Leder	Jørgen Melve	Rådgiver, Det samfunnsvitenskapelige fak., sekretariatet
Nestleder	Linnea Reitan Jensen	Seniorkonsulent, Inst. for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Sekretær	Arild Mellesdal	Rådgiver, Det psykologiske fak., sekr.
Kasserer	Unni K. Utvik (til årsmøtet 2021)	Seniorrådgiver, Det humanistiske fakultet fak., sekretariatet
	Unni Lange Buanes (fra årsmøtet 2021)	Seniorkonsulent, Kjemisk institutt
Styremedlemmer	Maj-Brit Iden	Rådgiver, Seksjon for utdanningskvalitet, NHH
	Marit Stubdal	Førstekonsulent, Institutt for klinisk odontologi
	Berit Storaker	Seniorkonsulent, Økonomiseksjonen, seksjon for lønn
	Anne Torekoven	Seniorkonsulent, Det juridiske fak., adm.
	Morten-Christian Bernson	Senioringeniør, IT-avdelingen
Varamedlemmer	Unni Lange Buanes (til årsmøtet 2021)	Seniorkonsulent, Kjemisk institutt
	Idunn Bjørlo Tandstad (til årsmøtet 2021)	Seniorkonsulent, Senter for kvinne- og kjønnsforskning/Senter for vitenskapsteori
	Erlend Nåmdal	Førstekonsulent, Inst. for global helse og samfunnsmedisin
	Ole Voldsæter (til årsmøtet 2021)	Senioringeniør, IT-avdelingen
	Kristin Torp Skogedal (fra årsmøtet 2021)	Seniorrådgiver, Studieavdelingen
	Hege Aarethun (fra årsmøtet 2021 til januar 2022)	Rådgiver, Det samfunnsvitenskapelige fak., sekretariatet
Revisorer	Liv Berit Jonsson Mørch	Seniorkonsulent, Det humanistiske fakultet, sekr.
	Wenche Neset	Seniorkonsulent, Økonomiavdelingen
Valgkomite	Jannicke Lervik	Seniorkonsulent, Det samfunnsvitenskapelige fakultet
	Hans Egil Offerdal	Forsknings- og innovasjonsavdelingen
	Unni Karin Utvik	Seniorrådgiver, Det humanistiske fakultet fak., sekretariatet

Styrearbeidet i perioden

Styret har i 2021 hatt 10 møte, og handsama 99 saker. Faste punkt på dagsorden er orienteringar om pågåande omorganiseringsprosessar på UiB, samarbeidet i sektoren og saker som skal eller har vært oppe i Forhandlingsutvalget. Alle møta utanom eitt vart halde som digitale møte i 2021.

Foreninga har 130 % stilling til disposisjon frå arbeidsgjevar for verva som tillitsvalde, ressursane har vore fordelt slik: Leiar Jørgen Melve 100 %, nestleiar Linnea Reitan Jensen 20 %.

Styrearbeidet er prega av ein god tone, open dialog mellom styremedlemmer, varaer og leiing i alle saker. Vi legg stor vekt på å få med flest mogeleg i meiningsutvekslingar slik at dei som skal stilla på NTL UiB sine vegne i ulike saker er best mogeleg førebudd og kjenner ikkje berre sakene, men også synspunkta som finst blant medlemmene og tillitsvalde.

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir), tidlegare Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høyere utdanning (DIKU), har i overgangen til 2022 etablert eigen foreining, og er difor ikkje organisert under NTL UiB.

Aktivitetar for medlemmar

2021 har som 2020 vore eit år prega av heimekontor, og difor har ikkje aktivitetsnivået vore like høgt som vanleg. Vi har arrangert nokre digitale medlemsmøte, og vi arrangerte eit julemøte. Det var høgt fråfall kort tid før møtet, men det vart eit hyggeleg treff for medlemmane som kunne stille.

Medlemsinformasjon

NTL UiB har i året som gjekk hovudsakleg informert medlemmane om ulike spørsmål gjennom utsending av epostar med relevant informasjon. Disse vert fortrinnsvis produsert på både (ny)norsk og engelsk. Nettsidene på ntl.b.uib.no/ har også vorte nytta til publisering av noko informasjon til medlemmene, sjølv om aktiviteten på nettsidene bør opp.

Arbeidet på kontoret

NTL UiB har lokale stilt til rådvelde av UiB. Fagforeiningane fekk nye kontor rett før pandemien, slik at ein no kan finna oss i Christies gate 18, i tredje etasje. Her har vi noko mindre plass enn tidlegare, og vi har gått frå 3 til 2 kontor. Kontora vert nytta av leiar Jørgen Melve, nestleiar Linnea Reitan Jensen og ein frikjøpt student frå NTL Ung. Kontora var lite i bruk gjennom 2021, men vi ser fram til å koma tilbake til normal verksemd og finna oss til rette i kontora når det vert meir normale forhold.

Høyringsutsegn

Det hender at interne saker på UiB vert sendt ut på høyring som også inkluderer fagforeiningane. Sidan vi i mange saker har formelle kanalar i medbestemmelsesapparatet der vi uttrykker våre synspunkt, varierer det om vi svarer på høyringssaker som fagforeining.

Frå NTL sentralt får vi tilsendt ei rekke saker til høyring. Dette er typisk enten overgripande prosessar i staten eller spesifikke lovforslag/utredningar som gjeld universiteta/høgskular/forsking spesielt. Vi svarer som regel på slike gjennom utstrakt kommunikasjon med dei andre NTL-foreiningane i sektoren og samordnar svara våre så langt råd er, slik at vi saman har større innverknad på NTL sitt høyringsvar og dermed ofte også på kva som vert LO sine standpunkt i slike saker.

Bevilgninger

NTL UiB har ikkje mottatt søknadar om bevilgning i 2021.

Økonomistyring

Foreningen har en driftskonto og en høyrentekonto i SpareBank1 SR-Bank. Pengebeholdningen er fordelt på disse to kontoene. Vi har nettbank og bankkort knyttet til driftskontoen. Betaling av regninger går derved raskt, og vi har god oversikt over bevegelsene på kontoen. To personer må godkjenne hver utbetaling, og dette blir gjort i nettbanken. Som det går fram foran, stiller UiB 130 % stilling til disposisjon for vervene som tillitsvalgt. Foreningens økonomi har de siste årene vært stabil og god. På grunn av pandemien ble de fleste planlagte fysiske aktiviteter i 2021, som i 2020, avlyst, og dette har medført ytterligere styrking av økonomien. Vi regner imidlertid med at det vil bli mulig å få til fysiske arrangementer for medlemmene i løpet av 2022. Kasserer fører regnskapet, og regnskapsoversikter blir regelmessig lagt fram og diskutert i styremøtene. Driftstilskuddet fra Universitetet i Bergen var i 2021 på 74 000 kr.

Unni Lange Buanes
Kasserer

Personalsaker

NTL UiB har, som alle andre fagforeninger, ein del saker av personalmessig karakter. Dette kan gjelda konflikter, rett og slett at eit medlem ønsker å ha seg ein tredjepart i møte med leiarar eller at medlemmer lurar på kva rettar dei har i ulike situasjonar. NTL UiB bistår då medlemmene, informerer om rettar, plikter og regelverk og sørger for at prosedyrar vert fulgt og einskildmedlemmer ivaretatt etter beste evne. Det ligg i sakas natur at all slik kontakt er konfidensiell. Leiar og nestleiar har håndtert alle slike saker i 2021.

Det hender også medlemmer tek kontakt med spørsmål om tilsettingar og arbeidsforhold; både når det gjeld prosedyrar i tilsettingar, spørsmål om lønsfastsetting etc, men også med spørsmål om midlertidighet og rettar i følge lovverket. NTL UiB har bistått ein del medlemmer i slike saker i året som gjekk. Også i omstillingar har ein del medlemmer ønska bistand i ulike faser av prosessen knytt til sine individuelle arbeidstilhøve.

I 2021 var omfanget av slike saker meir tilbake på normalt nivå samanlikna med året før. Dette er ofte tid- og arbeidskrevande saker som nokon gonger må følgast opp over lengre tid. Som regel klarer vi heldigvis å få til løysingar som er til beste for medlemmene.

NTL i universitet/ høgskular/forskningssektoren

Samarbeidet med andre organisasjonsledd i NTL som organiserer innan likearta verksemdar er prega av gode relasjonar mellom organisasjonledda. Dei siste åra har alle NTL sine organisasjonsledd innan universitet, høgskular og forskningssektoren hatt regelmessige møte, samlingar og eit godt samarbeid. Allereie før pandemien var dei fleste møta mellom leiinga i ulike organisasjonsledd i form av videomøte sidan dei fleste involverte har ein kalender som gjev lite rom for å setta av heile dagar til reising for å møtes. I utgangspunktet finn det stad ei sektorsamling i året med 5-10 deltakarar frå kvart organisasjonsledd der aktuelle problemstillingar for universitet, høgskular og forskningsinstitutta vert diskutert og aktuelle politiske saker gjennomgått. I 2021 vart denne samlinga ikkje gjennomført. Gjennom året har imidlertid sektorleiarane hatt tett og nært samarbeid gjennom jamnlege videomøte 1-2 gonger i månaden.

NTL UiB meiner dette er eit viktig og godt samarbeid, som både sikrar felles interesser og gjev lokalt spelerom for ulike organisasjonsledd til å tilpassa si verksemd til forholda på den einskilde institusjon. Den tette kontakten med andre organisasjonsledd gjer at vi ofte kan fanga opp saker frå andre institusjonar som vert aktuelle også for oss.

Medlemstall

Medlemstalet til NTL UiB har auka jamt og trutt sidan 2011, både når det gjeld yrkesaktive medlemmar og når det gjeld det totale medlemstalet med pensjonistar m.m inkludert. No ser vi at denne veksten diverre flata ut i 2021. Det kan skuldast at det er vanskelegare å driva med normalt vervearbeid, så vel som aktivitetar som markerer fagforeininga for potensielle medlemmar når det har vore pandemi.

Ved årsskiftet var det 525 yrkesaktive medlemmar i NTL UiB, og totalt 801 medlemmar. Dette utgjer ei auke på 1 yrkesaktivt medlemmer i løpet av 2021 og 13 medlemmer totalt. Også i år tyder dette at vi har høgare medlemstal enn nokonsinne. Men vi ser no at arbeidet med verving må intensiverast og at vi har ein god del yrkesaktive medlemmar som nærmar seg avgangsalder og dermed må erstattast med nye medlemmar i åra som kjem om vi skal oppretthalda vår posisjon.

Då er det gledeleg at det ser ut som vi evnar å trekka til oss stadig nye unge medlemmer. Dette gjer at vi trass alt har ei ganske jamn aldersfordeling av medlemmar.

Vi har likevel ein jobb å gjera med å systematisera arbeidet med medlemsverving og medlemspleie. Andelen av dei tilsette vi organiserer har auka dei siste åra, men vi må ha målsettingar om å få denne opp på sikt. Jo fleire vi er, desto sterkare står vi saman i felles kamp for betra løn og arbeidstilhøve for alle medlemmane!

LØNNSFORHANDLINGAR

Sentrale lønnsforhandlingar med virkning fra 1. mai 2021

I det sentrale lønssoppgjeret fekk tilsette i vårt tariffområde (medlemmer i YS, Unio og LO, samt uorganiserte) lønsauke frå 1. mai gjennom at kronesummen i lønstrinna vart justert opp. Alle fekk minst 7 300 kroner. Dei lågast lønte fekk eit flatt kronetillegg i tillegg til prosenttillegg, medan dei i høgare lønstrinn berre fekk prosentvis tillegg. Dermed fekk folk mellom 7 300 og 13 000 kroner auke i lønstrinnet sitt.

Ut over dette vart partane samde om at ein skulle ha lokale forhandlingar i alle statlege verksemdar. I vårt tariffområde vart det sett av 1,8 % av lønsmidla i verksemdene til dette formålet.

Den økonomiske ramma vart totalt 2,7 % og blei fordelt på følgande måte:

- Alle fekk lønnstillegg på 0,9% + 1 500 kroner
- Alle frå lønstrinn 19 til og med lønstrinn 50 fekk tillegget på 0,9 % + 1 500 kroner, og et lavlønnstillegg på 4 000 kroner. Samla gav det eit tillegg på minimum 8 214 kroner.
- Alle mellom lønstrinn 51 og 69 fekk tillegget på 0,9 % + 1 500 og eit likelønnstillegg. Samla gir det eit tillegg på minimum 7 287 kroner. Alle over lønstrinn 69 fekk 1 500,- + eit tillegg på 0,9%.

Lokale lønnsforhandlingar etter Hovedtariffavtalen 2.5.1

I tillegg til den sentralt fastsatte potten på 1,8 % la UiB noko midlar (ca 2 millionar i vårt tariffområde) til potten, slik at ein har fordelt 35 941 956 kroner i desse forhandlingane. Sidan Akademikerne har alle tillegg lokalt, vart det totalt fordelt 57 509 834 i dei to tariffområda samla. Lønssoppyrka vart gjeve med verknad frå 1. juli.

Etter ei rad førebauande møte vart det semje om at potten vart forhandla individuelt. Totalt i begge tariffområda på UiB fekk 2 394 personar tillegg gjennom endring av lønstrinn og/eller stillingskode i dei lokale forhandlingane. Blant dei var mange dyktige NTL-medlemmar som fekk gjennom heile eller delar av krava sine. På UiB er potten tradisjonelt på kvar eining delt på førehand i ein gitt nøkkel mellom vitenskapleg tilsette og tekniske og administrativt tilsette. I 2021 vart midlane som blei tilført potten fordelt friare – slik at stillingstype og kva eining ein var på spelte mindre rolle i sluttforhandlingane. Dette gjorde at vi fekk til å flytta midlar til grupper som har hatt dårleg lønsutvikling og dermed både kunne utjamna skilnader mellom einingar og ivareta lønsutviklinga til tilsette i grupper som tradisjonelt har hatt vanskeleg for å koma godt ut av lokale forhandlingar.

Lokale lønnsforhandlingar etter Hovedtariffavtalen 2.5.3

I 2021 vart det gjennomført heving av minstelønningar for professorar, førsteamanuensisar, universitetslektorar og universitetsbibliotekarar, slik at eksisterande arbeidstakarar blei heva opp mot nivået nyttilsette no kjem inn med. I tillegg var det ei rekke saker gjennom året med endring av løn og tittel på individuelt grunnlag gjennom året. Totalt var det 415 slike saker på UiB i 2021, og NTL / LO stat sine medlemmer utgjorde om lag 100 av desse. Dei fleste sakene på dette området vert initiert av arbeidsgjevar, men NTL fremma også saker på vegne av medlemmar.

Forhandlings/drøftings/ informasjonsmøter med representantar frå administrasjonen og organisasjonene v/UiB

Forhandlingsutvalet på UiB har møte anna kvar veke i semestra. Her møter to representantar for kvar tjenestemannsorganisasjon (NTL møter her som LO Stat og opptre dermed på vegne av alle LO-

medlemmer ved UiB) og representantar for arbeidsgjevar. Arbeidsgjevarsida har i året som var, stort sett vore representert av universitetsdirektør/ direktørens stedfortreder samt HR-direktøren og så sant det passar også rektor i møta. Alle saker som er definert som forhandlings spørsmål i følge Hovudavtalen vert tekne opp her. Likeeins er det her tjenestemannsorganisasjonane vert informert om saker som vedrører fleire einingar ved UiB, og drøftar saker som har verknader for meir enn ei eining. Ting som skal informerast og drøftast med organisasjonane i følge Hovudavtalen og som vedkjem ei spesifikk eining vert tekne i lokale IDU. Både arbeidsgjevar og organisasjonane kan reisa saker her. Mange av dei større sakene (som t.d. omstillingar) kjem i fleire rundar til Forhandlingsutvalet, slik at vi kan følge sakene gjennom heile prosessen og stilla spørsmål når det trengs.

Samarbeidet i FU er generelt godt, med eit klima mellom organisasjonane og arbeidsgjevar som gir rom for å ta opp alle typar saker og er prega av gjensidig respekt for kvarandre sine rollar. Det er ofte ei utfordring at arbeidsgjevarsida ikkje har optimal kommunikasjon internt, og det kan ta lang tid for enkelte saker å bli handsama på ordentleg vis. NTL har likevel eit generelt godt inntrykk av arbeidsgjevars vilje til å handsama saker i henhold til lov og regelverk og set pris på den gode tonen.

2021 vart meir av eit koronaår enn ein hadde håpt på, men som i pandemiens første år har arbeidsgjevar generelt vore flinke til å orientera om UiB si håndtering av pandemien og planane for ulike tiltak. NTL har i denne dialogen med arbeidsgjevar om implementering av tiltak fokusert på fleire felt som gjeld ivaretaking av arbeidstakarane. Ved nokon einingar har ein fortolka universitetets retningslinjer om heimekontor på ulike vis og med større rigiditet enn intendert i begge retningar. Mange tilsette har arbeidd langt ut over normalen utan å få noko kompensasjon og utan at ein har hatt klare planar for å få avspasert meirarbeid. Dette har NTL og andre fagforeiningar teke opp gjentatte gonger for å få styrka oppfølginga av. Vi har òg vore opptekne av å passa på oppfølginga av forlenging av tilsettsperioden for stipendiatar og andre tilsette sine arbeidsvilkår.

Arbeidet i utvalg og komiteer

Tilsettingsråd

Tilsettingsrådet for administrative stillinger

Medlem: Unni K. Utvik

I tråd med Personalreglement for Universitetet i Bergen består ansettelsesrådet for administrative stillinger av en leder oppnevnt av Universitetsdirektøren og fire medlemmer, hvorav to er representanter for arbeidstakerorganisasjonene og to for UiB som arbeidsgiver, alle med personlige varamedlemmer. Arbeidstakerorganisasjonene oppnevner derfor representanter og vararepresentanter i fellesskap. Undertegnede er oppnevnt for perioden 01.05.20-30.04.22.

Ansettelsesrådet behandler både tilsetninger og oppsigelser. De aller fleste sakene distribueres og godkjennes elektronisk i ePhorte som et tiltak for raskere saksbehandling. Ansettelsesrådets medlemmer har en frist på tre virkedager til å uttale seg og returnere saken. Det er vanskelig å få fullstendig oversikt over totalt antall saker behandlet av ansettelsesrådet for administrative stillinger i 2021 siden hovedmedlemmet ikke får kopi av sakene som er behandlet av vara ved fravær. Undertegnede har imidlertid behandlet 181 saker.

Tilsettingsrådet for tekniske stillinger

Medlem: Morten-Christian Bernson

Arbeidsmiljøutvalget (AMU)

Jørgen Melve har vore NTL sin representant i Arbeidsmiljøutvalet for UiB i 2021 med Linnea Reitan Jensen som vara. Jørgen møtte på dei fem møta som vart avhalde i AMU 2021, pluss eitt halvdagsseminar. AMU har til saman handsama 50 saker i 2021 mot 52 i 2020. Fire av fem møte vart

digitale og ein måtte leggja bort planane om å besøka ulike einingar i samband med møta etter nedstenginga.

AMU har i 2020 vore involvert i eit breitt utval av aktivitetar, prosjekt og spørsmål knytt til helse, miljø og tryggleik, i overensstemmelse med dei lovpålagte pliktene og oppgåvene til eit arbeidsmiljøutval. Hovudfokus har sjølvstøtt vore koronaens innverknad på arbeidsmiljøet gjennom året, men ein har hatt fokus på inkluderande arbeidsliv og utforming av handlingsplanar knytt til dette.

AMU har faste saker på dagsorden på årleg basis. Forutan konstituering og møteplan, vert ulike årsrapportar fra foregående år handsama. Det gjeld årsrapport for AMU, bedriftshelsetenesta (BHT), AKAN-utvalet, HMS og strålevern. Rapport og plan for HMS-opplæring og årsplan for BHT og HMS-handlingsplan vert også handsama. Alle saker knytt til verneombudsordninga blir tatt opp i AMU.

Det har i tillegg i kvart møte blitt orientert om vernetenesta sitt arbeid fra universitetets hovedverneombud og pågåande arbeid ved dei sentraladministrative avdelinger som er representert i AMU. Orienteringene har vore gjevne munnleg og sentrale punkt her har vore nytt system for HMS-avvik, pågåande byggesaker, arbeidet med ytre miljø, arbeid med sikkerhet og beredskap, arbeidsmiljø- og klimaundersøkingar (ARK), og verneombudstenesta sine nettverkssamlingar.

Arbeidet i AMU er prega av ein god tone og konstruktivt samspel mellom medlemmene i AMU. Her sit representantane frå fagforeningane på vegne av alle tilsette på UiB for å ivareta dei lovpålagte pliktene til å sikra eit godt arbeidsmiljø for alle.

Inkluderende arbeidsliv (IA)

Representant: Berit Storaker

Det har blitt avholdt møter omtrent 1 gang i måneden i 2021.

AKAN

Representant: Unni Lange Buanes

AKAN-utvalget er et underutvalg under Arbeidsmiljøutvalget ved UiB. Utvalget sin fremste oppgave er å gi informasjon og undervisning innen rusfeltet. Utvalget er et partssammensatt utvalg og har et hovedansvar for koordineringen av det rusforebyggende arbeidet ved UiB. AKAN står for Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengighetsproblematikk. En kan få mer informasjon om Akan arbeidet ved UiB ved å gå inn på UiB sin HMS-portal under Rusforebyggende arbeid: <https://w3.uib.no/nb/hms-portalen/75202/rusforebyggende-arbeid>

Nyttig praktisk informasjon finnes også på nettsiden: <https://akan.no/>

Det rusforebyggende arbeidet skal integreres i det systematiske HMS- arbeidet og består i å forebygge rus- og avhengighetsproblemer, det være seg kjøreregler for bruk av alkohol og andre rusmidler i jobbsammenheng. I tillegg til rusproblematikk er det også blitt fokus på spillavhengighet. Som kjent kan spilling også føre til avhengighet med de problemer det medfører (økonomisk og tidsforbruk). Hensikten med Akan arbeidet er å gi støtte til ansatte som har et rusmiddel eller avhengighetsproblem.

Alle organisasjoner har representant inn i Akan arbeidet i tillegg til HR avdelingen og Bedriftshelsetjenesten. HR-avdelingen har startet med å invitere ledere ved UiB til frokostmøter med informasjon og inspirasjon til rusforebyggende arbeid ute i organisasjonen. Man ønsker fokus på et mer forebyggende Akan-arbeid. UiB er en stor arbeidsplass og har som alle andre store organisasjoner personer som får oppfølging i regi av Akan.

AKAN-utvalget har vært preget av koronasituasjonen og virkningene korona kan ha for situasjonen for de ansatte og arbeidsmiljøene. Bedriftshelsetjenesten har holdt webinar rettet mot ledere og mellomledere ute i bedriften, med fokus på oppfølging av ansatte på hjemmekontor. Representant deltok på Alor-samling i mars, med «Akan i pandemitiden» som hovedtema. Utvalget har også gått gjennom og revidert den tidligere AKAN-retningslinjen med nye Retningslinjer for håndtering av avhengighet ved UiB.

Velferdsutvalget

Representant: Linnea Reitan Jensen

Velferdsutvalget har vanligvis 2-3 møter i året. I 2021 ble det ikke avholdt møter. Fra og med 2022 har Velferdsutvalget endret kinobillettordningen, slik at kinobillettene kan brukes på flere kinoer enn Bergen kino.

Informasjons- og drøftingsutvalgene (IDU)

Blå tekst = Lagt til etter at endelig innkalling ble sendt ut. Det blir foreslått i møtet å ta dette inn i beretningen, og denne teksten ut.

Det var beklageligvis ikke sendt ut beskjed til IDU-representantene om at de skulle skrive rapport til årsmøtet, dermed er det ikke alle IDU-er det foreligger rapport for. Nestleder tar skylden for at IDU-representantene ikke har fått beskjed om dette. Informasjon om, og referater fra noen IDU-er, kan finnes her: <https://www.uib.no/foransatte/90059/informasjons-og-dr%C3%B8ftingsutvalg-idu>

Det humanistiske fakultet

NTL-representant: Kirsten Johanne Bang

Vara:

Det juridiske fakultet

NTL-representant: Eivind Ramsøy Jerve

Vara: Hanna Leinebø Slaatta

Det matematisk- naturvitenskapelige fakultet

NTL-representant: Ole Tumyr

Vara: Unni Lange Buanes

IDU ved MN-fakultetet hadde i 2021 totalt 6 møter.

På alle møter tas det opp budsjett, økonomi- og regnskapsrapport og generell informasjon fra fakultetsstyresaker. Informasjon, tiltak og konsekvenser rundt koronasituasjonen dominerte også.

Andre saker:

- Oppfølging handlingsplan for ph.d.-utdanning
- Prosess med prosjektet Nygårdshøyden Sør
- HMS-avvik, UiBs årsrapport, UiBs HMS-plan og MN sin HMS-plan
- Rekruttering, opptak og mottak av nye studenter
- Risikovurdering – større strategiske saker og prosesser 2021
- Resultater innen utdanningsfeltet og ph.d. Studiekvalitetsmelding og forskerutdanningsmelding
- Reakkreditering av studieprogram
- Budsjett, økonomi og rekneskap

- Handlingsplan for kjønnsbalanse
- Integrering av innovasjon i fakultetets kjerneverksemd
- Strategiske planer for faglig bemanning og rekruttering
- Oppfølging av bærekraftsmål og UiB sin strategi 2019-2022
- Studieplanendringer
- Reglementsendringer
- Rekruttering til fast vitenskapelige stillinger
- Handlingsplan for redusert bruk av midlertidige stillinger

Det medisinske fakultet

NTL-representant: Marit Stubdal

Vara: Linda Forshaw

IDU MED hadde 7 møter i 2021.

Faste poster på alle møter:

- Økonomi (budsjett/regnskap)
- BOTT, DFØ
- Korona-beredskap, status, orienterg etc
- Generell informasjon
- Status midlertidige årsverk
- Byggesaker

Andre saker:

- Forlengelse av stipendiatperiode for PhD-kandidater ved MED
- Økt arbeidsbelastning for undervisningspersonell under Covid-19
- Arbeids- og klimaundersøkelse ARK2021
- Organisering av valg 2021, representanter til fakultetsstyre og instituttråd
- Korona beredskap
- Sakkyndig vurdering /vurdering av utdanningsfaglig kompetanse for førsteamanuenser
- Årsrapporter – HMS. Kommunikasjon 202
- Sykefraværprosjekt ved Institutt for klinisk odontologi
- Internkontroll
- Ekstern representasjon i fakultetsstyret ved MED
- Utvidet vårsemester 2021 og innskrenket ferieperiode sommeren 2021 ved IKO.
- Justert mandat for klinikkleder ved IKO
- Driftsmidler for adjungerte stillinger
- Oppnevning av medlemmer til ansettelsesråd og tilsettingsråd og ansettelsesutvalg for faste vitenskapelige stillinger
- Godkjenning av prodekan og visedekaner
- Pandemisenter
- Akutt- og mottaksmedisin
- Bedre samarbeid mellom instituttene og mellom instituttene og fakultetet.
- NOKUT-tilsyn med UiBs systematiske kvalitetsarbeid 2022. Oppfølging ved MED
- Årsrapporter: HMS, Kommunikasjon, Klimarapport (Miljøfyrtårn)

Det psykologiske fakultet

NTL-representant: Atle Ljåstad

Vara: Anne Sophie Aarestrup Krayou. [Denise Fewtrell Flatmark tar over som vara fra april 2022.](#)

[Ved Det psykologiske fakultet, har det vore tolv møte i IDU i 2021. Atle Ljåstad var representant i IDU, og Anne Sophie Aarestrup Krayou var vara. Båe har stort sett teke del på møta.](#)

Gjennom året, har det vore særleg fokus på omstilling av administrasjonen. NTL ved Det psykologiske fakultet utarbeidde eit eige notat om prosessen som peikte på fleire konkrete utfordringar. Prosessen vart etter vedtak i fakultetsstyret 20. oktober 2021, avbroten og ført vidare i mindre delprosessar. IDU har også diskutert kva konsekvensar opprettinga av eit eige Lektorsenter ved UiB, vil få for våre tilsette.

I tillegg har IDU fått orienteringar frå leiinga, og vore involvert i ordskifte kring fakultetsstyresaker, tilsetjingar, avgangar og økonomi.

Anna aktivitet ved fakultetet: Det var ingen lokal NTL aktivitet ved fakultetet i 2021.

Det samfunnsvitenskapelige fakultet

NTL-representant: Jannicke Leirvik

Vara: Eva Svensson

Fakultet for kunst, musikk og design

NTL-representant: Trude Mathiesen

Vara: Ingjald Selland

Sentraladministrasjonen

NTL-representant: Morten-Christian Bernson

Vara: Anders Myren

Universitetsbiblioteket

NTL-representant: Finn Solemdal

Vara: Torill Elise Endresen

Universitetsmuseet i Bergen

NTL-representant: Harald Kristian Mæland

Vara: Else Jorunn Melstokkå

Tillitsvalgte oppnevnt etter årsmøtet og representanter i ulike utvalg

NTLs Landsstyre 2018 - 2022	Jørgen Melve	Medlem
LO i Bergen og Omland, styret	Jørgen Melve	Vararepresentant
LO i Bergen og Omland, representantskapet	Jørgen Melve	Vararepresentant
LO Stats representantskap	Jørgen Melve	Medlem
NTLs pensjonsnettverk	Jørgen Melve Linnea Reitan Jensen	Medlem Varamedlem
NTL Fylkesutvalget i Hordaland	Linnea Reitan Jensen	Varamedlem til styret
Likestillingskomiteen	Jannicke Lervik	Varamedlem
Arbeidsmiljøutvalget	Jørgen Melve Linnea Reitan Jensen	Representant Vararepresentant
AKAN-utvalget	Unni Lange Buanes	Medlem
ARK (Arbeidsmiljø- og klimaundersøkelser)	Berit Storaker	Medlem
IA-gruppen (denne gruppen har vært inaktiv, og i 2021 opprettes en ny IA-gruppe)	Berit Storaker Jørgen Melve	Medlem Varamedlem
Velferdsutvalget	Linnea Reitan Jensen	Medlem
Tilsettingsrådet	Unni K. Utvik Morten-Christian Bernson	Representant administrative stillinger Representant tekniske stillinger
NTLs utvalg for organisering av universitets- og høyskolesektoren	Jørgen Melve	Medlem
Norges Handelshøyskole (NHH)	Maj-Brit Iden	Leder av gruppestyret
Arbeidsgruppe for hjemmekontor	Jørgen Melve	Medlem
Arbeidsgruppe for gjennomgang av stillingsstrukturdokument	Jørgen Melve	Medlem

Omstillinger

Styringsgruppe for utvikling av effektive og fremtidsrettede administrative og tekniske tjenester (#ORG2022)	Representant: Jørgen Melve
Styringsgruppe: Prosjekt tjenesteutvikling	Representant: Jørgen Melve
Styringsgruppe for evaluering av omstilling ved Universitetsbiblioteket	Representant: Linnea Reitan Jensen
Styringsgruppe for evaluering av omstilling ved Universitetsmuseet	Representant: Jørgen Melve

Utsendinger til møter og konferanser

Deltakelse på faglige kurs eller møter

Tillitsvalgtes rolle under omstilling – Digitalt 11. januar	Linnea Reitan Jensen
Nettverkssamling for ledere av landsforeninger og foreninger – Digitalt 19. januar	Jørgen Melve
Forhandlingskunnskap (NTL-skolen trinn II) – Digitalt 22. mars	Maj-Brit Iden
NTL UNG konferansen – Digitalt 24. mars	Are Bøe Pedersen
NTL-konferansen 2021 Stortingsvalget – Digitalt 9. april	Maj-Brit Iden Unni Karin Utvik Jørgen Melve
Kurs for medlemmer av ansettelsesråd 4.-5. mai	Linnea Reitan Jensen
Nettverkssamling for tillitsvalgte som arbeider med personalsaker 1. juni	Jørgen Melve
Arbeidsrett (NTL-skolen trinn III) – Digitalt 22. juni	Linnea Reitan Jensen
Strategikurs for ledere av lokale forhandlinger – Digitalt 24. august	Jørgen Melve
UFO – unge fagorganiserte 29. september	Anne Sophie Aarestrup Krayou Dinara Podgornova

Medlems- og gruppemøter

Webinar om arbeidstid, 15. april	Samarbeid med andre NTL-foreninger
Medlemsmøte om lønnsoppgjør (digitalt)	28. mai
Medlemsmøte om lønnsforhandlinger	19. august
Julemøte	2. desember